

Godt hummarfiske i fjorden.



Hummarsesongen er godt i gang.

Laurdag for knapt ei veke sidan opna hummarfiske. Alt klokke åtte på morgonen var dei fyrste teinene på plass i Storsund. Så langt vi kjenner til, har fangsten vore god. Det er lov å setja ti teiner for kvar båt. Roten makrell eller anna agn med sterk lukt lokkar hummaren inn i teina. Hummarfiske er ope fram til 1. desember.

Uskedalen.no har snakka med Kjetil Myklebust og Bjarte Eik. Dei finn gode plassar, gjerne på fjellhyller langs Skorpelandet. Utfadlo er ein god plass for mange. Bjarte Eik er kreativ og er flink med ord. Når vi spør om det, sender han oss eit dikt om hummaren på dialekt.

Av historia eg har høyrte, er denna heilt kånge.
Frå Sandvoll den kjeme og er heilt 'sann'
om ein hummarfiskande og makalaus mann.
Hummar han fekk, ja både store og mange
Den største han fekk, hadde teino i fånge

Foto og dikt: Bjarte Eik
Tekst: Kristian Bringedal

Nett: Thor Inge Døssland